# MÅNADSPLAN – GRANAT- september 2019

Tema: Tilvenning,»geitekillingen som kunne telle til ti», haust og brannvern

Mål: Born og vaksne vert godt kjent, og kjem inn i kvardagsrutiner og gruppeinndeling(både førskulegruppa og 3 – 4 års gruppa). Vi lærer om haust og brannvern, og gjennomfører brannøvelse. Førskuleborna startar opp med førskulegruppe i Kvernsteinsparken og deltek på opplegg der. Vi jobbar med boka «Geitekillingen som kunne telle til ti» som tema.

| Veke 36 | Måndag 02.09 | Tysdag 03.09 | Onsdag 04.09 | Torsdag 05.09 | Fredag 06.09 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tema: Uteleik + Haust + Geitekillingen som kunne telle til ti<br><br>Samling: Inger | 09.00-10.30: Avdelingsmøte(Granat)<br><br>Frileik – inne og ute | Frileik/grupper/ ute – og inneleik/tur | Førskulegruppa i Kvernsteinsparken (vi går frå bhg. Ca kl.9.45)<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute | 09.00-10.30: Avdelingsmøte (konglomerat)<br><br>Frileik/grupper/ ute – og inneleik/aktivitet | Førskulegruppe i barnehagen kl. 09.30 – 13.30<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute |
| **Veke 37** | **Måndag 09.09** | **Tysdag 10.09** | **Onsdag 11.09** | **Torsdag 12.09** | **Fredag 13.09** |
| Tema: Brannvern<br><br>Samling: Heidi<br>**Medhjelpar: Anna + Emilian** | 09.00 – 10.30: Ped.møte -Britt Marit deltek<br><br>Frileik – inne og ute | Frileik/grupper/ ute – og inneleik/tur | Førskulegruppe i barnehagen kl. 09.30 – 13.30<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute | Frileik/grupper/ ute – og inneleik/aktivitet | Førskulegruppe i barnehagen kl. 09.30 – 13.30<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute |

Telefon til avdeling Granat: 90 68 87 14 Fint om du gir beskjed om fri, sjukdom eller anna på anten telefon eller sms til oss!

https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/barnehage (sjekk gjerne ut heimesida vår for nyttig info ☺)

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Veke 38 | Måndag 16.09 | Tysdag 17.09 | Onsdag 18.09 | Torsdag 19.09 | Fredag 20.09 |
| Tema: Brannvern<br><br>Samling: Tommy<br><br>Medhjelpar: Casper + Anea | 09.00-10.30: Avdelingsmøte(Granat)<br><br>Frileik – inne og ute | Frileik/grupper/ ute – og inneleik/tur | Førskulegruppe i barnehagen kl. 09.30 – 13.30<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute | 09.00-10.30: Avdelingsmøte (konglomerat)<br><br>Frileik/grupper/ ute – og inneleik/aktivitet | Førskulegruppe i barnehagen kl. 09.30 – 13.30<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute |
| Veke 39 | Måndag 23.09 | Tysdag 24.09 | Onsdag 25.09 | Torsdag 26.09 | Fredag 27.09 |
| Tema: Haust + uteleik + Geitekillingen som kunne telle til ti<br>Samling: Trine<br>Medhjelpar: Silja + Nolan | 09.00 – 10.30: Ped.møte – Britt Marit deltar<br><br>Frileik – inne og ute | Frileik/grupper/ ute – og inneleik/tur | Førskulegruppe i barnehagen kl. 09.30 – 13.30<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute | Frileik/grupper/ ute – og inneleik/aktivitet | Førskulegruppa i Kvernsteinsparken (vi går frå bhg. Ca kl.9.45)<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute |

Telefon til avdeling Granat: 90 68 87 14 Fint om du gir beskjed om fri, sjukdom eller anna på anten telefon eller sms til oss!
https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/barnehage (sjekk gjerne ut heimesida vår for nyttig info ☺)

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Veke 40 | Måndag 30.09 | Tysdag 01.10 | Onsdag 02.10 | Torsdag 03.10 | Fredag 04.10 |
| Tema: Haust + uteleik + Geitekillingen som kunne telle til ti<br><br>Samling: Britt Marit<br><br>Medhjelpar: Josefine + Jonathan | 09.00-10.30: Avdelingsmøte(Granat)<br><br>Frileik – inne og ute | Frileik/grupper/ ute – og inneleik/tur | Førskulegruppe i barnehagen kl. 09.30 – 13.30<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute | 09.00-10.30: Avdelingsmøte (konglomerat)<br><br>Frileik/grupper/ ute – og inneleik/aktivitet | Førskulegruppe i barnehagen kl. 09.30 – 13.30<br><br>3 & 4 års gruppe – leik inne og ute |

**Denne månaden skal vi:**

**Grupper:**

Førskulegruppe vert kvar onsdag og fredag ilag med Trine. Det kjem eigen plan/info om kva dei skal jobbe med i førskulegruppa framover. Allereie no på onsdag er det Kvernsteinsparken for første gong!

Dei andre barna(3 og 4 åringane) er att på Granat og har gruppe ilag med Inger, Tommy, Heidi og Britt Marit. Opplegget vert frå ca. 9.30 – 13.30. Vi legg opp til mykje frileik for 3 & 4 åringane, skal gå litt tur i nærmiljøet, dele oss i smågrupper dersom vi ser behov for det, men først og fremst verte godt kjende og ha det kjekt ilag.

**Tema:**

Vi har valgt oss boka **«Geitekillingen som kunne telle til ti»** som utgangspunkt for september og oktober månad. Vi har lyst til å knytte det opp mot årstidstemaet haust(t.d. kva skjer med dyra om hausten), lære litt meir om kvart enkelt dyr, prøve å inspirere leiken til

borna og la dei få ha med seg forteljinga til Alf Prøysen i kvardagen i barnehagen. Vi har allereie hatt ei samling om dette i førre veke, og vi vaksne skal både dramatisere, fortelje, la barna få delta i dramatisering, lese boka og få måle/teikne/fargelegge i tilknyting til tema.
Haust står naturleg på planen vår, og vi ynskjer å dra det inn i ulike aktivitetar knytt til mat, turar i nærmiljøet og formingsaktivitetar. Vi har lyst til å prøve ut litt nye ting vi har fått tips om, og det gjenstår å sjå kva vi ender opp med! De må berre følgje med på tavla i gangen, bilete på skjermen og høyre med borna kva vi har gjort ☺

**Medhjelpar:**
Vi skal i gang med medhjelparordninga igjen, og startar allereie frå neste veke av. Vi ynskjer å ha fokus på det å gjere ting som er til glede og nytte for andre både i kvardagsaktivitetar som matlaging og rydding, men og i leik og samspel med dei andre borna på avdelinga. Kva kan eg gjere som er bra for andre? Fokus på det å sjå når andre treng hjelp og tilby seg å hjelpe, og vi vaksne må støtte og oppforde der det er nødvendig men viktig at vi ikkje grip inn med ein gong nokon treng hjelp. Borna klarer fint å hjelpe kvarandre berre dei får tid til å kome på det! Vi har fordelt borna slik at dei eldste kan hjelpe dei minste med å vere med på praktiske ting.
**Medhjelparen får og lov å ta med seg 1 bok for veka.** Vi ser at det å ha med bok som vi klarer å lese i løpet av veka er ein positiv ting, og ynskjer å fortsette med dette. Vi treng hjelp av deke til å halde dette ☺ Vi lar leiker vere att heime, og når ein er medhjelpar får ein med seg ei bok som ein kan vise fram, vi kan lese i frileiktida, låne den bort til andre o.l. Kortid ein er medhjelpar står på månadsplanen, og det er de foreldre som må følgje dette opp.(vi snakkar sjølvsagt om det i barnehagen og☺)

**Brannvern – veke 38**
Denne veka er det nasjonal veke for brannvern over heile landet, og vi skal lære litt meir om brannvern, ha brannøvelse og kanskje kjem det brannbilbesøk? Meir info om dette kjem så snart vi har fått det på plass! (Open brannstasjon laurdag 21.september!)

Helsing Trine, Inger, Heidi, Tommy og Britt Marit

**Telefon til avdeling Granat: 90 68 87 14** **Fint om du gir beskjed om fri, sjukdom eller anna på anten telefon eller sms til oss!**
**https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/barnehage (sjekk gjerne ut heimesida vår for nyttig info ☺)**